

Ingrid Lothe Eldholm frå Volda elev ved Høgtun Folkehøgskule:

# – Toppturar, rafting og sterke inntrykk frå afrikansk slum

For voldajenta Ingrid Lothe Eldholm (19) har skuleåret ved Høgtun Folkehøgskule på Nordmøre så langt vore sær innhaldsrikt. Tredje veka i januar var ho på Oppdal og stod på telemarkski i fem dagar saman med dei andre på skulen og to instruktørar frå Ørsta. Jørn Are Vigestad Berge og Bjørnar Hovland gav elevane gode skiråd. Tidlegare har Ingrid mellom anna rafta, vore på fleire toppturar og hatt ein skuletur til Kenya og Tanzania i Afrika.

– Eg merkar at lukter gjer noko anna med meg no enn tidlegare. Opplevingane i slummen i Kenya var sterke, fortel voldajenta.

I haustsemesteret hadde ho ein volding som lærar. Olav Vågsholm har vore vikarlærar ved folkehøgskulen fram til jul, og han var også med gruppa av høgtunelevlar som stod på ski på Oppdal nyleg. Vågsholm har vore lærar for friluftsliv, vass-sport og dykking.

## Minus 18 grader

– Vi hadde fem flotte dagar med skigåing og sosialt liv. Veret var

stort sett flott, dei to siste dagane fekk vi ein del nysnø som innbaud til offpistkøyring. Og sjølv om det tidvis var kaldt, ned til minus 18 grader, er det som alltid berre eit spørsmål om å kle seg etter forholda. For nokre av elevane var dette deira første møte med telemarkski, og for nokre vart dette det aller første møtet med ski. Eg har stått på slike ski i mange år, så for meg var desse dagane berre kjempekjekke, konstaterer Ingrid Lothe Eldholm.

Ho voks opp i Åsane like utanfor Bergen, der faren Tormod Eldholm kjem frå. Mora Bente Lothe er volding, og då Ingrid skulle starte på barneskulen, flytta ho og familien til Sunnmøre. Ho har to yngre sysken, Kristin og Øystein. Førre skuleår avslutta Ingrid tre år ved Volda vidaregåande skule. Ingrid har vore aktiv i Volda Røde Kors Hjelpekorps, i speidar og ho har drive med klatring. Klatreaktiviteten har for det meste vore innandørs i klatresiloen i Volda. I tillegg har ho arbeidd litt innanfor omsorgssektoren.

## Innhaldsrikt

– Kvifor ville du gå folkehøgskule?

– Eg ville ha eit litt annleis år der det ikkje var det faglege som stod mest i fokus. Eg ynskte meg ein kristen skule som både kunne by på fjell- og fjordopplevingar. Faktisk var det litt tilfeldig at det vart Høgtun.

Eg søkte etter Øytun folkehøgskule i Finnmark på internett, og fram kom Høgtun. Eit anna mål eg hadde, var at eg ville gå på ein skule der eg ikkje kjende nokon andre. Alt i alt er eg svært godt fornøgd med å vere elev ved Høgtun Folkehøgskule i Torvikbukta, forklarar Ingrid Lothe Eldholm.

For nittenåringen som går lina for friluftsliv saman med 15 andre elevlar, har skuleåret vore innhaldsrikt så langt: Sportsaktivitetar i vatn, surfing ved Stad, padling, rafting, klatring, fotturar, overnattingsturar, innlandsturar, skiturar og turen til Kenya før jul med besøk i slummen og på fleire barneheimar. Knut Anders Fostervoll er lærar på toppidrettslinja med sykling. Via kontaktane hans, fekk alle elevane ved skulen tilbod om eit seminar om kosthald med representantar frå Olympiatoppen.

## Sprengjer grenser

– På ein folkehøgskule vert ein kjent med folk ein elles aldri ville ha vorte kjent med. Ein sprengjer sine egne grenser og gjer ting ein ikkje gjer andre stader. Vidare lærer ein mykje om seg sjølv.

– Kva har vore høgdepunktet i skuleåret så langt?

– Det var Kenya-turen i november. I tre veker var vi på farten og det som var så flott med den turen, var at alle elevane på skulen hadde høve til å delta på turen uavhengig av linjeval. Det var 29 elevlar og tre lærarar som reiste til Afrika. Vi besøkte fleire barneheimar og alle elevane hadde pakka med seg klede og leiker som vi gav til dei forskjellige barneheimane. Vidare besøkte vi to slummar, Githogoro og Mathare, og vi var på ei gudsteneste i Baba dogo-slummen. Vi besøkte også den kenyanske organisasjonen CHRISC (Christian Sports Contact) som er søsterorganisasjonen til norske KRIK (Kristen Idrettskontakt). Overnattinga hjå ein kenyansk familie gav minne som dei fleste seint vil gløyme. I tillegg var vi på safari, og på badeferie på kysten, så turen var allsidig samansett og gav mange ulike opplevingar.

– Møtet med Kenya var flott både på godt og vondt. Ein klarer aldri å førebu seg på kva ein skal oppleve, det må berre opplevast. Eg reagerer mykje sterkare på lukter etter at eg kom tilbake frå Afrika. Det er slik ein ser det på tv. Alle «kvite» vert oppfatta som veldig rike og særleg ungene synest at det er stas med oss kvitingar, eller «Mosingo» som dei kalla oss. Det er kviting på Swahili.

## Allsidige fritidssyslar

Når ein går på internatskule, vert banda mellom elevane tette. I tillegg til at ein vel linjer før ein startar skuleåret, kan ein på tvers av linjene velje mange av dei same fritidsaktivitetane. Skulen har tilbod om skulekor, volleyball, styrketrening, sosiale arrangement, kafe, turar, skiløype i nærområdet og ein

diger klatrevegg i Gjenneshallen.

– Elles er det turneringar, trimpostar i skuleregi slik at vi lett skal få fysisk fostring og vi kjedar oss faktisk aldri! Skulen ligg ca 12 minutt kjøring frå Batnfjordsøra, så når eg skal reise til og frå Volda, tek eg buss til Batnfjordsøra, og så er skulen flink til å organisere skyss til Torvikbukta, fortel Ingrid.

På skulen går det elevlar frå nesten heile landet. Det er fleire elevlar frå Sunnmøre og Nordfjord. Ekteparet Håvard Nygjerde frå Ulsteinvik og Maria Frantzen Nygjerde frå Fosnavåg er lærarar på Høgtun. Ein må vere 18 år for å kome inn på skulen. Skulen er eigd av tre kristne organisasjonar; Normisjon, Misjonssambandet og Indremisjonsforbundet. Edgar Fredriksen er rektor. Totalt har skulen 96 elevplassar og skulen vart grunnlagt i 1917.

## Saknar familien

For Ingrid er det ikkje slik at ho saknar Volda som stad no når ho er utflyttar dette skuleåret. For også på Nordmøre finst det fjell og fjord, kjekke folk og mange gjere mål. Men ho saknar familie og venner. Kontakten med dei vert via mobiltelefon, internett og vanleg brevpaper.

– Det er utruleg kjekt å både skrive og motta brev via Posten. Kanskje ekstra kjekt når ein går på internatskule. Eg har ein del venner som går på andre folkehøgskular, og vi sender «skikkelege» brev til kvarandre!

– Elles stortrivst eg på Høgtun. Eg treffer mange hyggeleg folk og får eit stort nettverk av venner over heile landet. Å gå på folkehøgskule



Ingrid Lothe Eldholm har breuststyret i orden slik at opplevingane saman med friluftslivsklassa på Høgtun Folkehøgskule kan verte best mogleg. (Foto: Privat)

eit år kan eg tilrå alle å ta. Ein får eit friår, får gjere kjekke ting, har ikkje lekser og det er vel verdt skulepengane. Søk difor allereie no om skuleplass til neste år, oppmodar Ingrid Lothe Eldholm.

Hjørdis Almelid Vikenes



- Borna på barneheimen i Kenya smelta hjarta til dei fleste av oss frå Høgtun, fortel Ingrid. (Foto: Steffen Baardsen).



Å rafta i Sjoa er ein av aktivitetane som voldingen Ingrid Lothe Eldholm har fått med seg som elev ved Høgtun Folkehøgskule. Ho sit bakerst til høgre. (Foto: Sjoa Rafting).



Ingrid Eldholm Lothe frå Volda og Eldrid Bakken Sperstad frå Skjåk saman med jenta i den kenyanske familien dei overnatta med då Høgtun Folkehøgskule vitja Afrika i sommar. (Foto: privat).



Ingrid Eldholm Lothe frå Volda er elev ved Høgtun Folkehøgskule på Nordmøre. I haust var friluftslivsgjengen på klatretur til Bladet i Molladelen. Her er Ingrid på veg frå ned toppen. (Foto: Rune Sørås)